

NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
nve@nve.no

Dato:

21. februar 2020

NorthConnect. Kommentar til NVEs vurdering

Kværner sendte 23. mars 2018 høringsuttale i tilknytning til NorthConnect sin søknad om å etablere straumkabel til Storbritannia. Hovudpunktet i uttalen frå Kværner var at den føreliggande konsekvensutgreiinga var mangelfull, ved at det ikkje var utgreidd kva konsekvensar etableringa av kabelen vil ha for verft- og baseverksemd og den type marine aktivitetar som Kværner har i Sunnhordlandsbassenget. I uttalen vart det gjort greie for dei ulike typane aktivitetar som kan bli påverka av straumkabelen, og det vart påpeika at det er uklart kva kabelen vil kunne medføra av nye restriksjonar.

NVE referer i si vurdering av tiltaket til Kværner og Stord kommune sine høringsuttaler, som begge ber om ei oppdatert konsekvensutgreiing. NVE aviser ønskje om ytterlegare konsekvensutgreiing, med grunngjeving om at NorthConnect etter møte med Kværner i tilstrekkeleg grad har gjort greie for konsekvensane kabelen vil ha for Kværner sine aktivitetar.

Det er framleis Kværner sitt syn at konsekvensane for leverandørindustrien må utgreiast. Det er korrekt at det har vore gjennomført eit møte mellom Kværner og NorthConnect, men Kværner er usamde i at konsekvensane med dette kan sjåast på som tilstrekkeleg utgreidd.

I NVE si vurdering står det også at NorthConnect av omsyn til Kværner har justert kabeltraseen ved riggområdet nær Digernessundet. Kværner kan ikkje sjå at kabeltraseen faktisk har blitt justert. Dersom så er tilfellet, så er justeringa så lita at det ikkje er eigna til å ivareta Kværner sine behov.

Kværner stiller seg også undrande til at NVE i sakshandsaminga ser ut til å leggja til grunn at Kværner sine innvendingar er ivaretatt aleine basert på informasjon frå NorthConnect og utan at dette har blitt direkte avklart med Kværner.

Det er viktig å understreka, slik det vart gjort i høringsuttalen, at sjøområda rundt Kværner sitt verft på Stord er eitt av verksemda sine viktigaste konkurransefortrinn, og ein viktig føresetnad for å kunne gjennomføra mange av dei store prosjekta Kværner leverer – prosjekt som er viktige for verdiskaping og sysselsetting.

Eit tilleggsmoment i den samanheng er at utvikling i marknaden går i retning av fleire flytande installasjonar, som til dømes flytande produksjonsskip og flytande havvindmøller. Både flytande havvind og flytande produksjonsskip er satsingsområde for Kværner, og Kværner gjer store investeringar for å kunne vinne denne typen prosjekt, som til dømes eit nytt kaianlegg til NOK 370 millionar kroner.

For Kværner sitt vedkomande framstår det framleis uvisst i kva grad sjøkabelen langs den planlagde traseen vil kunne ha negativ påverknad for framtidige moglegheiter til å gjennomføra oppankring, nedsetting av strukturar og andre store marineopersjonar. Det framstår også uvisst kor vidt nye restriksjonar vil kunne medføra forseinkingar eller auka kostnader i framtidige prosjekt. Det er difor framleis Kværner sitt syn at konsekvensane tiltaket har for vår næring må utgreiast.

Venleg helsing
for Kværner AS



Terje Johansen
Verftsdirektør

Vedlegg:
Høyringsuttale frå Kværner

Kopi:
Kystverket
Stord kommune
Olje- og energidepartementet